

OS Kyrkjeblad

Nr. 2 / juni 2016 / 71. årgang



Skapingsdagane 2016

Les meir om dette på side 9.



KONF
IRM
AN
20
17

Konfirmantpåmelding til 2016-2017

Informasjonsmøte om konfirmantåret
2016/2017.

Les meir på side 3



Haustprogrammet for Koinonia er klårt

Eit lite tilbakeblikk og litt om rundt
neste sving.

Les meir på side 6-7



Påskevandring

Med 30 femåringar og foreldre på
påskevandring.

Les meir på side 16

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd**ANSVARLEG REDAKTØR:**
Gerhard Hansen**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Picapoint Studio
www.picapoint.no

FOTO FRAMSIDE:
Os sokneråd

TRYKK: Borge Grafisk AS
OPPLAG: 8.055 stk

OS SOKNERÅD:
Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:
Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkfiber.no

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10

KYRKJEKONTORET I OS:
Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.
Fax 56 57 24 01. E-post: post@os.kyrkja.no
Kontortid: mandag-fredag kl.09-14



Prioritering

Å prioritere betyr å seie at noko er viktigare enn noko anna. Er det nødvendig? Ja, dersom ein ikkje har uavgrensa midlar i form av pengar, personell eller andre ressursar. Er det vanskeleg? Ja. Det er så mykje bra ein kan bruka pengar og tid på. Korleis velje kva som er viktigast?

I Os Kyrkjelyd har vi vedteke å byggja ut Kyrkjetunet. Vi trur at det er viktig og nødvendig for å kunne driva eit godt arbeid for stadig fleire osingar. Vi i soknerådet vil difor prioritera å bruka innsamla midlar til å finansiera denne utbygginga.

Men vi er og avhengige av at kyrkjelydens medlemmar gjer prioriteringar i sin eigen økonomi: At fleire vel å melda seg til gjeverateneste.

Fleire har spurt oss i soknerådet om det er mogeleg å oppretta ei ny stilling for å styrka arbeidet for barn/ familiær. Svaret vårt er at det kan vi ikkje før vi ser at vi får på plass ei solid gjeverateneste for Kyrkjetunet. I dag har vi dessverre ikkje det.

«Ja takk, begge deler», seier Ole Brum. Nei, seier vi. Det går ikkje. Vi må prioritera.

Ei anna sak er at det burde vera mogeleg å få til begge delar. Dersom alle som brukar Kyrkja og Kyrkjetunet gjev sitt bidrag, får vi det til.

Må vi snakke så mykje om pengar? Er det ikkje andre ting som er viktigare? Jau, det meste er viktigare enn pengar. Men utan pengar, får ein lite gjort. Difor prioriterte eg å skriva om pengar denne gongen.

Anne Turid Bjørnevik
SOKNERÅDSLEIAR





Konfirmant 2017

Konfirmasjon i kyrkja handlar om å utforske kristen tru og dei store spørsmåla i livet. Du er velkommen til konfirmasjon i kyrkja uansett om du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig.

Info om konfirmantopplegget i Os kyrkjelyd

Vi sendar ut informasjon i posten til alle døypte og tilhøyrande ungdom f.2002 veke 22. Veka etter informerer på ungdomsskulane og inviterar foreldre/føresette til infomøte i begge kyrkjene.

Tysdag 7.juni i:

- OS KYRKJE kl. 18.00 -19.00
- NORE NESET KYRKJE kl. 19.30 -20.00

Brosjyra for konfirmantopplegget 2016-17 finn du på heimesida vår www.os.kyrkja.no
Påmelding skjer på nettsida frå 6. juni.
Meldar du deg på før 18.juni er du med i hovedfordelinga av gruppene. Etter dette fordelar vi utifrå gruppene med ledig kapasitet. Me kan tilby eit variert og spanande opplegg som me trur vil falla i smak hos mange.

Velkommen som konfirmant i Os kyrkjelyd!



Velkommen på språkkafeen i Os

Vil du snakke bedre norsk? Kom på språkkafé! På språkkafeen øver vi på å snakke og forstå språket vi bruker i hverdagen.

Hvem er språkkafeen for? For deg som ønsker å øve på å snakke bedre norsk. For deg som vil hjelpe andre til å snakke bedre norsk. Språkkafeen er for alle; barn, ungdom og voksne. **Tilbuddet er gratis.** Siste språkkafé før sommerferien bli mandag 13.juni kl.17-19 i Kyrjetunet. Følg med på facebook-gruppa "Språkkafeen i Os" for informasjon om dato for oppstart til høsten. Språkkafeen er et samarbeid mellom Os Norsk Folkehjelp, Os Frvilligsentral og Os kyrkjelyd.



Os kyrkjelyd arrangerer «Godhetsdag» 11. juni

Mål med dagen: å gje ei hjelpende hand til menneske i bygda som treng det. Heilt gratis!

12-åringane i kyrkjelyden ønskjer å hjelpe nokon som har behov for det (saman med ein voksen). Har du behov for hjelp med noko, eller kjenner du nokon som har behov for hjelp? F.eks. kan dette vere:

- Klipping av plenen
- Renske ugras i hagen
- Gå tur
- Pante flasker
- Lufte hunden
- Støvsuge bilen,
... eller anna?

**Er du 12 år og har lyst til å delta på godhetsdagen?
Vil du gjøre ein avtale om å få utført arbeid?**

Ta kontakt med:
Lars Joar Hilleren (ungdomsarbeidar)
Tlf.: 56572417
Email: ljh@os.kyrkja.no



Små ting spret i kjærlighet kan forandre verden



Har du hjarta for ungdomen?

Os kyrkjelyd sitt kontinuerlege ungdomsarbeide er eit viktig satsingsområde.

Vi arbeider med ein konkret plan for å beskrive kva vi vil ungdomsarbeidet skal vera og gjera for ungdomane våre.

Vi utarbeidar og ein plan for leiarfostring og leiartrening. Ten Sing - koret «Join Us» og klubben «Tune In» er våre hovudtilbod til ungdomen. Der er mange hundre ungdomar i Os. 150-200 av desse har vi kontakt med gjennom konfirmantopplegget vårt. Vi har også sett i gong Trusopplæringsstiltak for ungdom på årstrinna mellom 12 til 18. Godhetsdagen, #Meg, «Natt i tunet», Konfirmantundervisning, Alphakurs for ungdom, Week-end «Youth alive» og «På utskytningsrampen» -

BLIR DU MED?

Vi veit at mange i Os brenn for ungdomen vår og ynskjer at kyrkja skal gje dei tilbod om gode miljø der dei kan trivast og utvikla seg. Skal vi lukkast i satsinga vår må vi ha **MANGE MEDHJELPARAR** til små og store oppgåver! **MELD DEG** og sei frå om kva du kan tenke deg å hjelpa til med!

Kontakt ungdomsarbeidar Lars Joar Hilleren på tlf. 476 56 541



Vegen vidare i Barrow

Sidan 2009 har Os kyrkjelyd hatt eit venskapsband til ungdomskyrkjelyden The Pulse i Barrow.

Ungdomsgrupper frå Os har vore på besøk i Barrow. I haustferien skal vi på ny på tur til Barrow med ein ungdomsgruppe. Ei gruppe med ungdommar frå Barrow har og vore ein gong Os i høve ein sommartur dei hadde i 2012. Då Roar og Ingvild Evjedal reiste heim frå Barrow, og til Os i 2013, vart Andy Ward tilsett som ungdomspastor og leiar for The Pulse. Delar av løna hans har sidan vore betalt av NMS. NMS sin støtte til lønsmidlar har vore trappa ned, og no i løpet av året skal lønsmidlane bærast heilt av The Pulse og støttekyrkjene sjølv. NMS vil framleis støtte arbeidet med generelt innsamla midlar, og med «eit-åringar».

Samtidig som dette skjer, er det og ein prosess som skjer i høve til å finna ut kva The Pulse skal vere. Då Carlisle bispedøme starta ungdomskyrkjelydsprosjektet, var det ikkje så mykje av nød som rein desperasjon. Dei måtte gjere noko drastisk og radikalt for å få kontakt med unge menneske, so var totalt fråverande i kyrkjeleg samanheng. Av dei 44000 0-18 åringane i bispedømet, var det 235 som hadde kontakt kvar veke med kyrkja. Noko måtte gjerast, og då måtte vegen bli til medan ein gjekk.

No er ein for The Pulse sin del kome til eit vegskilje. The Pulse er bygd opp frå dei seks ungdommane som var med frå starten i 2009 til eit arbeid som tel ein innebandyklubb, tre ungdomskaféar, drop in kafé, cellegrupper, leifarfostring og gudstenester. Dei har fått eit fast lokale i St. Paul's Church dei kallar The Hideout. Kva veke har The Pulse kontakt med mellom 80 og 90 faste ungdommar pluss ein og annan som «droppar innom» frå tid til annan. Ungdomsgudstenestene samlar om lag 20 ungdommar. Det veks seint, men godt, og no må Andy og styringsgruppa ta nokre vegval: Skal The Pulse reknast som ein eigen kyrkje, eller skal det leggast under ei av kyrkjene på vegne av heile prostiet? Kva skal dei gjere med finansane? Og korleis skal dei få fleire medarbeidarar? Arbeidet har nådd ei smertegrense på noverande ressursar.

Som de skjønar er det mange tema vi kan støtte The Pulse med i bønene våre, og vi skal og fortsetje å støtte finansielt gjennom misjonsprosjektet «Ungdomskyrkjelydar i Carlisle bispedøme». For meir informasjon leggast det ut eit bønebrev kvar månad på nettsidene til The pulse:

www.thepulsebarrow.co.uk.

Og ikkje minst vert det ungdomstur i haustferien. 7-13 oktober reiser vi, og då skal gruppa få vere med på en del av det



som skjer der, og vi kan lære av kvarandre kva det vil seie å vere med i eit kristent ungdomsarbeid.

Det er ledige plassar på turen, og meir info kan du få ved å kontakte Roar H. Evjedal på rhe@os.kyrkja.no eller på telefon 56 57 24 00 / 93 44 19 68.



KOINONIA - eit lite tilbakeblikk og litt om rundt neste swing

«Frå dei skal lovsongen stiga, og lyden av folk som skjemtar og ler» (Jer. 30,19). Koinonia har vorte eit positivt og solid omgrep i Os kyrkjelyd. Og mange kyrkjelyder har henta inspirasjon frå dette opplegget og teke i bruk på sine stader.

Koinonia var ein oppfølger etter Alpha-kurs 2002-2003. Dei første sesongane var det «kvelds-koinonia», men frå 2005 vart Koinoniasamlingane lagt til formiddagstid. Viktige suksessfaktorar har vore kvalitet, glede, mangfold og engasjement og ei stor gruppe frivillige medarbeidarar har teke ansvar og dratt lasset saman. Det er mange einskildpersonar som kan trekkjast fram for trufast og lang teneste, men kyrkjeverja vil særleg peike på initiativtakar og primus motor gjennom alle desse åra; Per Fimreite.

Per likar ikkje denne ekstra merksemda;

- Tenk på alle dei andre som har vore med i alle år. Førebuð varm lunsj/middag, løpt rundt å kjøpt råvarar på tilbod, bakt kaker og annan kaffimat, skrelt poteter og grønsakar, trekt kaffi, sett opp bord og bære stolar, vaska opp, kjøpt blomar til pynt, spelt til songar, - og mykje meir.
- Det er dei som har gjort jobben, seier Per.
- Men nokon tok initiativ og har motivert og da peiker alle på deg, Per.
- Ja, eg så behov for fleire gode samlingar etter Alpha-kurset 2002 der vi kunne formidle meir kunnskap om Bibel, tru, men og andre tema frå kultur til ulike samfunnsspørsmål. Og nettopp breidda opplegget har vore flott å jobbe med.
- Fast ramme for kvar samling; pent pynta bord, god mat, gode foredragshaldarar og ledig møteleiing med «glimt i auga» og nokre gode historiar.

- Du har gjennom dette arbeidet gjort ein kjempejobb, Per. Takk. No leverer du hovudansvaret vidare og Per Torgeir Nilsen har sagt ja til å vere leiari for arbeidet vidare. Nokre råd du vil gje han på vegen ?


- Kvar leiari må få prege arbeidet med sin stil og ut frå sin kompetanse og engasjement. Einaste rådet eg kanskje vil tørre å gje; bevar mangfaldet; både av medarbeidarar og programpostar. Og eg har sagt ja til å vere med i arbeidet vidare, men ikkje ha hovudansvaret.

- Og ein ting til, skyt Per inn; turane våre. Årlege turar frå dei første som dagstur til no opp til 4-5 dagar. Og alle turane vert fullteikna og ofte venteliste. Dette har vore kjekt !

- Igjen TAKK, Per for det du har vore med å skape og utvikle saman med andre til Koinonia.

Nokre døme på titlar og personar som har vore med gjennom åra:

- Det gode liv – Margareth Bondevik
- Han er min song og min glede – misjonær Kjell Håland
- Kvifor er eg kristen- biskop Ole Hagesæther
- «Det regner i fjellet» - Arnfinn Haga
- Politi og kristen – politioverbetjent Svein Losnegård
- Beskjeden som forandra alt – prest og forfattar Karsten Isachsen
- Det ligg ei bygd mellom fjordar og fjell – ordførar Terje Søviknes
- Berre eit ord – Geir Magne Nyborg
- Lyset skin i mørkret, og mørket makta ikkje å sløkkja det. – misjonær Osvald Hindenes
- Den grenselause kjærleiken - Rune Larsen
- Møte med mennesker utanfor alfarvei. - Kjell Grønner
- Eit slitesterkt sjølbilde – Hans Olav Tungesvik
- «Han innante» - Torolf Nordbø



NOKRE FAKTA

Gjennomført 176 tal samlingar, gjennomsnitt deltaking 75 personar.

Om lag 13 000 personar har delteke.

Det er servert 13 000 middags/lunsjtalerkner.

Det har vore arrangert 15 turar/utfluktar med tilsaman 750 deltakarar

Innsats av frivillige til dei praktiske oppgåvene tilsvasar om lag 9850 timeverk; eller meir enn 5 årsverk



Program hausten 2016

Senior-Koinonia i Kyrkjetunet i Os.

Torsdag 25.august Kl.11.30

Tema: "Når tåken lettar." Føredragsholder Sokneprest Idar Simonsen. Song ved Linda og Ellen Haugland. Møteleiar Per Torgeir Nilsen.

Torsdag 08. sept. Kl.11.30

Tema: "Og lyden av folk som skjemtar og ler." Jer. 30,19. Humor og humor i kyrkja. Føredragsholder Sokneprest Erlend Lunde. Song ved Einar Haugland og Edvard Bjørnevik. Møteleiar Nic. Lunde

Torsdag 22. sept. Kl.11.30

Tema: "Opne dørar." Føredragsholder Informasjonsleiar Linda Askeland. Song ved Jan Tørres Nordstrand. Møteleiar Ruth Wenche Søfteland.

Torsdag 06. okt. Kl.11.30

Tema: "Strilen i møte med verden." Føredragsholder Misjonsssekretær Osvald Hindenes. Song ved Hagaviktrioen. Møteleiar Kjellaug Aase Fyllingsnes.

Torsdag 20. okt. Kl.11.30

Tema: "Piken frå Prærien."Ei utvandrarsoge. Føredragsholder Forfattar Ragnhild Tangen. Song ved Knut Inge Røen. Møteleiar Per Fimreite.

Torsdag 03. nov. Kl.11.30

Tema: "Derfrå skal lovsongen stiga." Føredragsholder Rektor Oddvar Rotvik. Song ved Elevar frå Kongshaug Musikkgymnas. Møteleiar Einar Haugland

Torsdag 17. nov. Kl.11.30

Tema: "Peter – eit liv som apostel." Føredragsholder Sokneprest Einar Ekerhovd. Song ved Grethe Inger Berge. Møteleiar Sølvi Haga.

Torsdag 01.des. Kl. 11.30

Tema: "I møte med menneske." Føredragshaldar Folkehøgskulelærar Anne Grethe Ranrud. Song ved Norvald Kobbeltvedt. Møteleiar Nic. Lunde

Torsdag 15.des. Kl. 11.30

Tema: "...å kunne jeg bare bli barn igjen." Føredragshaldar Sokneprest Margrethe Holmboe Askeland. Song ved Kyrkjekoret i Os. Møteleiar Edvard Bjørnevik.

"Så vert dei verande desse tre: tru,
von og kjærleik. Og størst av dei er
KJÆRLEIKEN!"



vipps

mCASH
fra SpareBank 1

Bladpengar

IDet er ikkje giro med dette bladet. Betal på nettbank eller på annan måte til konto 3201 53 23484. Kontingent er 200,-, men både større eller mindre beløp er velkomne. Vi har fått etablert mobil-betaling med mCASH (*sjå under*).

BETALINGSMÅTAR: Dei fleste nyttar i dag nettbank og mange eldre har god erfaring med brevgiro. Frå juni har vi og fått etablert mobilbetaling med mCASH eller Vipps. (*Vipps-konto er under etablering; informasjon om dette kjem på heimesida vår.*)

Vi har etablert ordning med

mCASH
fra SpareBank 1

Last ned mCASH-appen og installer på din telefon. Skann denne QR-koden og betal **bladabonnementet** ditt raskt og enkelt.



Du kan også gje ei gåve til trinn III med

mCASH
fra SpareBank 1

Skann denne QR-koden og betal slik du kjenner det er rett for deg.



Gåvebeløp på mellom 500 og 25 000,- gjev skattefordel.



TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv,
andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

 **KIRKEN'S SOS**

M. BJØRNÉVIK
Graving & Transport



E-post: m.bjornevik@hotmail.com
Tlf. 930 36 705

Vi utfører alt innen grunnarbeid og transport for bygg, bolig og hage

Vi tilbyr tjenester som utgraving
av tomter, anlegging av hager, muring,
meisling, masseflytting og salg
av grus, pukk og jord.

Tømmernes 29, 5212 Søfteland

Tlf. 93036705

m.bjornevik@hotmail.com

FØLG OSS PÅ FACEBOOK

Endeleg var det 10-åringane sin tur!

«Pinsevandring på pilegrimsvis»

- Os kyrkjelyd sitt trusopplæringsstilbod
for 10-åringane.

I samarbeid med speidaren har Os kyrkjelyd utvikla eit opplegg for 10-åringane med fokus på pinseforteljinga, og i mai vart dette gjennomført for første gong.

Søndag 22.mai var 16 tiåringer, 8 speidarar med Øyvind Sundfjord som leiar, 3 frå staben og 6-7 foreldre samla i Lysekloster ruinane. Her vart dei møtt av syngande munkar!

Pinseforteljinga vart formidla. Dei fekk høre om den Heilage Ande og at ein ser på pinsa som kyrkja sin bursdag. Dei fekk høre korleis dette var starten på vandringa om forteljinga om Jesus, og korleis den etterkvart har nådd oss. Munkane på Lysekloster vart tekne med frå England av bergensbiskopen Sigurd. Sigurd hadde arva ein gard på Lyse og gav denne til cisterciensermonkane slik at dei kunne bygga klosteret. Her ville munkane bu og leve for å kunne lovsinga og be til Gud all si tid. Inger Johanne Haugland viste 10-åringane rundt i klosterruinane og fortalte litt om korleis klosteret var bygd opp og korleis munkane levde livet sitt her.

Etterpå vandra 10-åringane i grupper på Munkestien, frå post til post med speideraktivitetar; for eksempel laga dei kors med sisaltau og vinkelsurring, brukte kompass, memorerte pinsetekst, bygde tårn og bru. 16 glade og fornøgde 10-åringar, trass det dårlige veret!

«Vinden ser vi ikke, men vi merker den», sang vi saman. I trusopplæringsa må vi støtta oss på at den Heilage Ande er til stades når borna får høyra om Guds ord og bibelforteljingane. Vi kan ikkje alltid merka og måla om dette betyr noko for borna «våre», men vi veit at Gud verkar som vinden, gjennom den Heilage Ande, og hjelper 10-åringane til å skjøna og kjenna at dette er viktig i deira liv. Vi er hender og føter i dette arbeidet, og utruleg takknemlege for det!

**Kan du tenkja deg å vera hender og føter i
trusopplæringsstiltaka til Os kyrkjelyd?**

Dersom du vil vera med som voksen medhjelpar ved eit av tiltaka – ta kontakt med Gro Helen B. Skjælaaen (*trusopplærer*) på telefon 56 57 24 15



Skapingsdagane 2016

«Du er skapt til å bruka heile deg!» 22. - 24. juni, kvar dag kl 9 - 15, i Kyrkjetunet på Os.

Det nærmar seg Skapingsdagane 2016 og vi håpar og gjenta suksessen frå i fjor. Vi tilbyr dei same kursa som i fjor, men utvidar i år med nytt kurs; dramakurs med Edle Lunde Svendsen. Elles har Julia E. Bergesen (danselærar på kulturskulen i Os) tatt over dansekurset i år.

«Skapingsdagane» er vårt trusopplærings-tilbod for 7-og 8-åringane i Os. Dei er inviterte til 3 kreative dagar saman med flotte kunstnarar, til bruка heile seg og skapa noko nyt ved å bruка seg sjølv, ulike materiale og på ulike måtar.

Bibelforteljinga om Skapelsen er utgangspunktet for det som skjer desse dagane. Dei får høyre at dei er skapt i Guds bilet, til fellesskap med kvarandre, og til å dele av det vi har fått.

- **Fotografering** - Knut Inge Johnsen viser dei korleis vi tek eit bilde.
- **Maling** - Vidar B. Mæland lar dei få bruke pensel og skape eit maleri.
- **Leire** - Saman med Eli og Geir Bjånes skapar dei uttrykk i leire.
- **Kreativ dans** - Julia E. Bergesen lærer borna å danse.
- **Trommesirkel** - Saman med Lars Kolstad får dei leike med trommer og rytmeinstrumenter.
- **Teater** - Saman med Edle L. Svendsen får borna leike seg i ulike roller.

Vi gler oss til desse dagane! Om lag 50 born er allereie påmeldt og vi veit at dei har kjekke dagar i vente!

Påmeldingsfristen er 3.juni.



Vel møtt til Skapingsgudsteneste søndag 26.juni kl 11.

Det blir ei annleis og flott gudsteneste der borna frå desse dagane formidlar Skapelsen på ulike kreative måtar.

Salme 395 - Ny salme med tekst frå Qumran

«Som tonar i ein evig song»

Funnet av dei såkalla Dødehavsrullane (1947) var ei epokegjerande historisk hending. Desse eldgamle tekstane er under utforsking av ei utvald gruppe forskrarar frå fleire land. Teolog Torleiv Elgvin har oversett frå hebraisk og Sven Aasmundtveit har laga versa til ein irsk folkemelodi.

*Som toner i en evig sang er dine ord og bud.
Du viser meg den gode vei: å kjenne deg,
min Gud. Du er mitt liv, mitt kildevell, som
gleden strømmer fra. Mine lepper spiller
fløyte, Gud, etter dine noteblad.*

*Jeg våkner ved din lov, ditt ord, når dagen
gryr i øst. Og når det går mot nattetid er
du min sol, min trøst. Du er min sang,
mitt kildevell, som toner strømmer fra.
Mine lepper spiller fløyte, Gud, etter dine
noteblad.*

*Mitt svik, min synd, den kjenner jeg, mitt
dyp, min mørke bunn. Men du, min Gud,
min rettferd er, du er min faste grunn. Du er
min fred, mitt kildevell som livet strømmer
fra. Mine lepper spiller fløyte, Gud, etter
dine noteblad.*

Andrew Holman

Sokneprestens hjørne:

Hitler tok livet av 6 millioner jødar Han åleine?



Så lenge det har vore ei kristen kyrkje, har det vore usemjø mellom dei truande. Apostlanes gjerningar gjev oss fleire døme på det. Heile kyrkja si 2000-årige historie syner det same.

I dag tek spørsmålet om vigselsliturgi for likekjønna par mykje tid og mange krefter. I vår kyrkje, og i mange andre kyrkjer må vi leva med ulike syn i dette spørsmålet. «Aill i hop e vi enig om at vi oenig om alt» heter det i en revyvise frå mitt kjære Leka. Så ille er det ikkje i kirken. Der bør vi være enig om det viktigste: Jesus lever – om ikkje hadde det ikkje vore nokon kyrkje. Han ynskjer å ha ein relasjon til einskildmenneske.

Kyrkja si viktigaste oppgåve, er å formidle dette, slik Thomas Omolo frå Garden of Eden; Kenya gjorde så ypparleg i si preik i Os for eit år sidan: «Vi har møtt Jesus, kom og sjå» I eit sekulært overflodssamfunn er dette vår hovudoppgåve! Å syta for at nye generasjonar også kan få lære å kjenne Jesus.

I vår kyrkjelyd- som i heile kyrkja - er det ulike syn på likekjønna ekteskap. Likevel vonar eg som sokneprest at vi kan greie å arbeide saman mot sekulariseringa som går raskt og for at nye menneske skal få eit møte med Jesus. Vi har store utfordringar og store planar, vi treng menneske som er villig til å gje av

si tid både i trosopplæringsarbeidet og i det kontinuerlige barne- og ungdomsarbeidet. Vi treng rom for alt arbeidet vårt- difor treng vi større kyrkjetur. Skal vi klare det treng vi folk som er villige til å støtte økonomisk. Fast gjevartheneste gjev forutsigbarhet, bidraget treng ikkje å vere så stort at det sprengjer familieøkonomien. Mange bekker små.

Utfordinga vår er å klare å dra lasset saman, dra i same retning, til tross for usemjø om ulike spørsmål. Jesus er den som sameinar oss ufullkomne menneske, slik han alltid har gjort.

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST



Referat frå møter i Soknerådet:

Orientering om rullering av arealplanen i Os.

Asle Andås var stedfortreder for plansjef i Os kommune Aina Tjosås på soknerådsmøtet den 28.04.16. Han la fram framlegg til planprogrammet og arealplanen som nå er under rullering. Os kommune legger til rette for en kraftig folkevekst med en fordobling fram mot 2040. Denne folkeveksten må kirken også ta høyde for. I samfunnsplassen hører kirke og gravplass med under infrastruktur. Soknerådet må derfor spille inn til kommunen, areal til kirke og gravplass for å få sikret offentlig areal til disse formålene. Kommunen har satt frist til 17.06.16 for å komme med innspill fra Soknerådet. Der og da luftet soknerådet noen tanker, og alle ble oppfordret til å komme med sine innspill da spesielt ang. barnehage, kirke, gravplass og plassering, innen høringsfristen.

Gudstjenesteplan.

Soknepresten hadde til dette møtet utarbeidet forslag til gudstjenesteplan for høsten 2016.

Her var det tatt høyde for ulike gudstjenestevaner for å speile mangfoldet i menigheten. Gudstjeneste- og musikkutvalget er nå slått sammen, og vi ser fram til at dette vil merkes med et mer helhetlig preg på den enkelte gudstjeneste.

Revisjonsrapport for 2015

Melding fra revisor om at alt var i orden!

Vigsel av likekjønna par.

Mange er opptatt av kirkemøtets vedtak om vigsel av likekjønna par og om hvordan prestene i Os stiller seg i dette spørsmålet. Dette er ikke helt avklart siden liturgiforslaget ennå ikke er tilgjengelig. Uansett skal alle være velkommen til å ta kontakt, og dersom det ikke finnes prester lokalt som er villig til å vie, blir det prosten sin oppgave å sørge for at det ikke skal bli problem for dem som ønsker det.

Pu-arbeid

Søndagsamlingene trenger flere faste frivillige, gjerne musikere som kan være med å aktivisere brukerne.

Konfirmantgudstjenester.

Etter flere av vårens konfirmantgudstjenester ble det påpekt overfylte kirker hvor det var flere som måtte stå! Det må gjøres en intern evaluering om maks antall konfirmanter på hver gudstjeneste i begge kirkene.

Web-side

Arbeidet med ny web-side nærmer seg slutten. Målet er at siden skal bli publisert før sommeren.

«Vipps»

Betalingsordningen «vipps» har blitt «etterlyst» ved opptak av offer og andre tjenester. Kirkevergen arbeider nå med å få plass denne ordningen.



Klimafakta & miljøtips

Berekraftig liv for ei betre framtid

Klimaendringane er meir alvorlege enn me før trudde. Auka is-smelting kan føra til at havet stig dobbelt så raskt som det FN sin siste klimarapport viste. Havstigning er berre ei av mange alvorleg fylgjer av global oppvarming som vil gjera livet vanskeleg for våre barn og barnebarn. Når dagens barn er vaksne, er det lite dei kan gjera for å stoppa endringane.

Ansvarlege menneske må handla no. Politikarar og næringslivet kan gjera noko, men me som privatpersonar må òg på banen. Me ser at ynskje om å leva meir berekraftig brer seg. Grupper for å planleggja dette saman blir oppretta landet rundt. Nyleg starta gruppa «Berekraftig liv i Os» opp arbeidet.

Mange veit at klimaendringane er farlege, men lagar seg likevel mange grunnar for å føra ein livsstil som ikkje tar omsyn til dette. Det blir då ein ubalanse mellom kva ein gjer og det ein veit ein burde gjera. Ein kan bryta denne ueheldige situasjonen ved å handla klimavenleg. Ideen bak berekraftig liv rørsla er nettopp dette, gjennom eit godt nabofellesskap, å inspirera kvarandre til lågare forbruk og klimavenlege handlingar. Slik skaper ein optimisme og framtidstru ved sjølv å bidra til ei berekraftig framtid. Eit klimavenleg liv i sosialt fellesskap er eit godt liv.

Gunnar Kvåle

Vi tilbyr gravstell

Gravstellsavtalen er ein avtale for eit år av gongen. Årleg fakturering skjer i februar/mars for kommande år. Avtalen gjeld ein grunnpakke som inneholder: Stikking av kantar, omspading av bed før utplanting, påfylling av jord, gjødsling, luking, vanning og rydding om hausten.

Ta kontakt med oss på kyrkjekontoret på tlf. 56572400 eller post@os.kyrkja.no

Prisar for 2016


Heillårs stellavtale til kr. 1900,- per år

- Påskeliljer
- Vårplanting
- Sommerplanting
- Høstlyng
- Vinterdekking m/edelgran
- Mosekrans

Enkel stellavtale til kr. 1500,- per år

- Vårplanting
- Sommerplanting
- Vinterdekking m/edelgran

Ny heimeside



Går ting som det skal i innspurten, vil Os sokn ha ny heimeside i siste del av juni.

Du kan bruke vår gamle webadresse, men notér gjerne ny adresse vil vere:
<https://kyrkja.no/os>

Ny Facebook-side

Endeleg, vil kanskje nokon tenke: Os Kyrkjelyd har no opprettet ei ny side på Facebook, som skal nyttast aktivt til å fortelje om aktivitetar og arrangement i regi av kyrkjene i Os.



Her kjem det beskjeder og info om gudstenester og faste tilbod, men også arrangement tilknytta trusopplæring, konserter og andre nyhende. Gå gjerne inn på www.facebook.com/oskyrkje og lik/følg sida - då støtter du opp og held deg orientert på same tid!

Støtt våre annonsører

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



*"Saman i bøn
for Os"*

Ei samling igjen i vår:
- Kyrkjetunet 21. juni kl 19.30

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90

JERNIA
www.jernia.no

Støtt våre annonsører

ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik

Telefon.: 56 30 55 39

E-mail: g-vaage@online.no

www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar*

Sag og høvleri

DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialer

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

Takkoffer



Oversikt over kva vi
har fått inn i offer sidan
7. februar 2016

14.02.16 Kyrkjetunet, kr 10 591,-

21.02.16 Trusopplæringsarbeidet i
kyrkjelyden, kr 5621,-

28.02.16 Misjonsprosjektet, kr 8018,-

06.03.16 Kyrkjetunet, kr 8092,-

13.03.16 Os Y's men, kr 5162,-

20.03.16 Diakoniarbeidet i
kyrkjelyden, kr 8217,-

24.03.16 Ungdom i Oppdrag, kr 2740,-

27.03.16 Misjonsprosjektet,
kr 11 449,-

03.04.16 Kirkens SOS, kr 5621,-

10.04.16 «Tune In» fredagsklubb,
kr 4594,-

17.04.16 Kyrkjetunet, kr 6929,-

23.04.16 og 24.04.16

Konfirmantarbeidet i
kyrkjelyden, kr 15 442,-

01.05.16 Bibelskulen Bildøy, kr 2281,-

05.05.16 Det Norske Misjonsselskap,
kr 3638,-

07.05.16 og 08.05.16
Konfirmantarbeidet i
kyrkjelyden, kr 26 177,-

OS HAGESERVICE

- alt innen hage

*Sage og fjerne trær,
mur og belegningsstein*

- Ordner alt i hagen for deg!

56 57 66 77 / 99 00 80 80
www.oshageservice.no

DRENERING • MURING • SPRENGING

Botnevik Samdrift DA

Alt innen graving
og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06

Fax: 56 58 39 99

Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse

- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og
gullbokstavar.

GRAVMINNEN

Stor salgsutstilling av

nye monumenter

Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00

Os Gravferdsbyrå as



**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette
for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve.
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

21.februar

Amanda Gravem Askvik f.13.09.2015
 Philip Stange Halhjem f.04.11.2015

28.februar

Tuva Hetlevik Haualand f.22.12.2015
 Liam Opheim Hauge f.05.11.2015
 Frida Jacob-Helland f.23.09.2015
 Emil Wangensteen Leirvåg f.08.10.2015
 Kasper Apelthun Lekve f.16.11.2015
 Martin Molland f.21.11.2015

6.mars

Linnea Haugland Haukås f.19.11.2015
 Otilie Frantzen Haukeland f.09.12.2015
 Jens Berge Johannessen f.22.12.2015
 Sara Reiertsen Mjelde f.24.11.2015
 Johan Rasmus Reksten f.04.11.2015
 Mowincke f.17.11.2015
 Leonel Brandt Rød f.06.11.2015
 Lilly Margrete Tarlebø-Liland f.28.11.2015

20.mars

Even Engen Rød f.16.11.2015
 Mads Magnar Andresen Solberg f.21.11.2015
 Henrik Nordvik Tomren f.10.12.2015

27.mars

Viljar Tveiten Haugsdal f.22.11.2015
 Tiril Hernes-Andersen f.26.10.2015
 Ariel Olsen Strand f.19.10.2015
 Julian Skår Sydnes f.21.10.2015

10.april

Leon Haave-Holm f.01.11.2015
 Peder Tysseland f.18.11.2015
 Lekven-Justad f.18.11.2015
 Agnes Tysseland f.21.08.2015
 Håvard Midtsæter-Svendal f.07.01.2016
 Sivert Seilen f.18.01.2016
 Kaja Laastad Størksen f.17.11.2015

17.april

Thilde Malene Sydnes Børdal f.13.01.2016
 Jonas Jensen f.04.12.2015
 Emma Bjørlykke Moberg f.17.12.2015

22.april

René Breivik f.21.02.2001

1.mai

Celina Moen Dyrstad f.31.01.2016
 Astrid-Marie Flatjord Ekerhovd f.01.01.2016
 Vilde Sælen Lyssand f.06.12.2015
 Emil Strønen f.20.01.2016

8.mai

Alma Slettemark Havsgård f.22.12.2015
 Magnus Slettemark Havsgård f.22.12.2015
 Lovise Tran-Hjelle f.26.12.2015
 Billie Darlington-Gausereide f.30.01.2016
 Vårin Liljeroos-Sandal f.04.02.2016
 William Sjonbotten f.13.02.2016

15.mai

Alma Slettemark Havsgård f.22.12.2015
 Magnus Slettemark Havsgård f.22.12.2015
 Lovise Tran-Hjelle f.26.12.2015

16.mai

Billie Darlington-Gausereide f.30.01.2016
 Vårin Liljeroos-Sandal f.04.02.2016
 William Sjonbotten f.13.02.2016

DØDE

Eilif Hjørnevik

f.30.04.1947 - d.23.02.2016

Asalug Berit Midtbø

f.21.08.1927 - d.24.02.2016

Svein Otto Storsæt

f.06.04.1947 - d.06.03.2016

Aslaug Beathe Elisabeth Larsen

f.03.06.1934 - d.14.03.2016

Åslaug Rommetveit Øvredal

f.30.10.1941 - d.14.03.2016

Karen Margrethe Hjelle

f.11.04.1943 - d.21.03.2016

Ingebjørg Johanne Ersvær

f.02.08.1936 - d.23.03.2016

Unni Annie Pauline Halhjem

f.27.03.1938 - d.28.03.2016

Inger Elisabeth Halland

f.16.10.1949 - d.28.03.2016

Gunvor Hjelle

f.25.03.1935 - d.02.04.2016

Laila Odlaug Thuen

f.06.03.1946 - d.06.04.2016

Arnt Lekven

f. 19.04.1918 - d.07.04.2016

Brit Røykenes

f.19.04.1941 - d.15.04.2016

Asvald Bertin Bjoarvik

f.09.08.1931 - d.19.04.2016

Even Hægernæss

f.02.10.1948 - d.20.04.2016

Øystein Søfteland

f.11.05.1927 - d.23.04.2016

Trude Brenna Aasen

f.07.09.1977 - d.24.04.2016

Olav Orrebakken

f.03.03.1929 - d.28.04.2016

Ole Magnar Kvamme

f.10.09.1955 - d.29.04.2016

Norvald Magnus Storum

f.12.05.1941 - d.30.04.2016

Villy Midtsæter

f.26.05.1947 - d.02.05.2016

Elisabet Askvik

f.16.10.1929 - d.04.05.2016

VIGDE

Os kyrkje 2. april

Kristina Østgulen Mortensen &
 Kristian Ekanger Johnsen

Os kyrkje 16. april

Mariell Edvarda Haukeland &
 Andrius Pettersen

Kyrkjetunet i Os

Vi tar i mot Minnesamvær,
 dåps- og konfirmasjonsselskap,
 kurs etc. Lokaler med kapasitet
 opp til 80 personar. Vi tilbyr kjøken
 - og betjening i forbindelse med
 minnesamvær.

Kontakt oss på telefon
 56572400 eller
post@os.kyrkja.no





GUDSTENESTER



OS KYRKJE

- 05.06.16 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.
 12.06.16 kl. 10.00: Dåp.
 12.06.16 kl. 11.15: Nattverd.
 19.06.16 kl. 11.00: Nattverd.
 26.06.16 kl. 11.00: Dåp.

 03.07.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
 10.07.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
 17.07.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
 24.07.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
 31.07.16 kl. 11.00: Nattverd.

 07.08.16 kl. 10.00: Dåp.
 07.08.16 kl. 11.15: Nattverd.
 14.08.16 kl. 11.00: Nattverd.
 50-års konfirmant-jubileum
 21.08.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
 21.08.16 kl. 16.00: Dåp. Utdeling av 6-årsbok
 28.08.16 kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar

 04.09.16 kl. 10.00: Dåp.
 04.09.16 kl. 11.15: Nattverd.
 11.09.16 kl. 11.00: Nattverd.

NORE NESET KYRKJE

- 05.06.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
 21.08.16 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 6-årsbok.

 11.09.16 kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar. Dåp.

LYSEKLOSTER KAPELL

- 28.08.16 kl. 13.00: Dåp.

Sjå www.os.kyrkja.no for oppdaterte opplysninger.



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
 Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
 Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
 Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

SEKRETERAR:

Elin Oldervoll Moberg,
 tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
 Monica Refsdahl
 tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541
 Sigurd R. Thunestveit, srt@os.kyrkja.no
 mob: 930 26 747

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

DIAKON:

Jannike Gangstø Rogne, jgr@os.kyrkja.no,
 tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 11
 Åse Kristin Urdahl, aku@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 09

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 04, mob 932 56 921

BARNESEKRETÆR:

Stine Kobbeltvedt, sk@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 12, mob 943 96 618

TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:

Gro Helen Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 15
 Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
 tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

DRIFT AV KYRKJER/KYRKJEGARDAR:

Reidar Berge (mob 416 52 042),
 Trygve Helgesen og
 Linn Kjerstin Ø. Rondestveit

BAKSIDA



Fekk du oppleva påska i Os kyrkje?

«Opplev påska» er trusopplæringstiltaket for 5-åringane i Os kyrkjelyd. Dette vart for første gong gjennomført i mars. Om lag 30 femåringar, med foreldre, deltok ved påskevandringa.

«Opplev påska» er ei vandring i kyrkja, innom 6 ulike stasjonar som formidlar dei sentrale hendingane i påskeforteljinga.

Borna var ikkje berre tilskodarar, men fekk delta inn i hendingane i påskeforteljinga. Ved den første stasjonen «Håp og draumar» fekk borna teikne og skrive sine håp og draumar på steinar som vart lagd ved korset. Og dei vifta med palmegreiner og song «Hosianna».

«Tenarkongen» er stasjonen der borna fekk høyre om og oppleva korleis det var når Jesus vaska disiplane sine føter og dermed snudde om på kva ein

konge er. «Til minne om meg»; der fekk borna delta i det siste måltidet, og læra korleis det (nattverden) er eit minne om Jesus. Stasjonen «Åleine» var laga som ein stor hage som borna fekk sitja inne i og høyra om at Jesus òg var redd, akkurat som dei kan vere av og til. Og ved «For oss» - stasjonen fekk dei kjenna på tornekrona som Jesus måtte bera på hovudet. Tenk, han døydde for oss! På den siste stasjonen, «Oppstode», fekk borna delta i song og dans, og kjenna på gleda når Jesus stod opp igjen.

Os kyrkja stod pynta med desse flotte stasjonane heile veka før og fram

til etter påske. Først og fremst for 5-åringane, men mange grupper og lag var innom og fekk «oppleva påska». Det var, etter tilbakemeldingane å rekne, ein stor suksess! Ikke berre fordi så mange tok turen innom, men fordi fleire gav uttrykk for sterke og gode opplevelingar knytt til påskebodskapen, gjennom dei vakre stasjonane.

Takk til alle som har vore med å bidräge til at vi fekk dette til! Dersom du ikkje fekk det med deg i år, så får du ein ny sjanse til neste år!

Gro Helen B. Skjælaaen